



*Natta kviskre en sang,
fremmed fugl,
fremmed fugl,
gang på gang.*

Åge Aleksandersen

"Klemmefanten" frå Froland. Bildet er tatt i Arendal, truleg omkring 1890. Etter opplysningar frå m.a. Jacob Bjørheim og Claus Feyling var han fleire gonger i Egersund og selde klemmer og anna kram.

Kanskje var han turar på Jæren og?

**Dalane Folkemuseum*

Tater eller romani

HANS TORGNY INDREBØ

eller Dei elendige si historie
eller Ei hårreisande historie

Taterane representerte lenge ei stigmatisert folkegruppe i det norske samfunnet. Ser ein bort frå presten og samfunnsforskaren Eilert Sundt, som la ned eit stort arbeid for taterane kring midten av 1800-talet, er det få studiar eller skriftlege beretningar om taterfolket i Norge. Kulturen deira har heller ikkje vore særleg verdsett. "Folk flest" har vel helst hatt ei forakteleg holdning til både livsformer og kulturytringar knytta til taterane eller romanifolket som dei helst kallar seg sjølve. Dei siste åra har ein likevel fått større fokus for denne folkegruppa og større respekt for kulturen deira. I 1998 fekk romanifolket status som nasjonal minoritet i Noreg, og eit nasjonalt dokumentasjonssenter for taterkulturen er under etablering på Glomdalsmuseet i Elverum. Sjølv om historia for mange ennå synest vond og vanskeleg, vedkjenner stadig fleire opphavet sitt og ønskjer å bringa historia og kulturen fram i lyset.

I denne artikkelen fortel Hans Torgny Indrebø om ulike hendingar og personar med tilknytning til taterfolket i vår region, og reflekterer over historia og lagnaden til denne folkegruppa.

Det er ingen som snakkar om tater nå til dags, eller ser dei langs vegane. Vi kjenner dei i alle fall ikkje att på klesplagg, køyredøning, talemåte eller veremåte. I språket finst det ein del einskildord og uttrykk som minner oss om at folkeferdet tater ein gong var ei gruppe menneske som storsamfunnet ikkje sette så overmåte pris på.

Det vart sett inn ein storstilt aksjon for å integrere romanifolket i samfunnet frå kring midten av attendehundretallet og langt på veg til våre dagar. Ja, faktisk starta jakta på romanifolket ganske tidleg på 1700-talet. Ulike tiltak vart sette i verk, og ikkje minst lovverket vart aktivt brukt for å setja grenser for deira kvardagsliv og kultur.

Nå vil vel mange seia at fleire av tiltaka for integrasjon, var forferdelege, kanskje var det ei slags form for etnisk reinsing som gjekk føre seg meir eller mindre i det stille.

Det har blitt hevda at dei tiltak og lovar som vart sette i verk for å få bukt med romanifolket, må forståast ut frå den tids tankegang. Slik tilvising til "tidsånden" kan likevel ikkje på nokon måte legitimera overgrepa mot denne folkegruppa.

Det er det å leggja til at somme av tankane som mellom anna lækjaren Johan Schraffenberg forsvara i mellomkrigstida, likna ikkje lite på ein ideologi vi helst ikkje ser får grobotn i landet vårt. Nå kan vi med undring spørja: Gjekk det an at eit heilt folk, ein heil nasjon,

ikkje reagerte på det som gjekk føre seg både før siste krigen og til langt ut på 1970-talet?

Reinsingstanken har ikkje lukkast her i landet. Tankegangen og ideologien er høgst levande ute i Europa. Men arbeidet for å integrera taterane og leggja øyde kulturen deira, har gjort sitt til at dei har gått stilt i dørene seinare. Mange av romanislekt veit om kvarandre, og dei finn seg ektemake innan folket sitt, medan andre har funne seg ein ektemake blant norske ungdommar. Men det finst også menneske mellom oss som knapt veit at dei har tatergener. Det skulle ikkje snakkast om. Og kulturen deira er det lite å sjå av til kvardags.

Taterkulturen er lite kjend

Taterkulturen representerer ei side ved kulturen her i landet som det står lite eller inkje skrive om i historie-bøkene brukt i norsk grunnskule. Det var eit stykke om "Fante-Nils" av Per Sivle i leseboka vi brukte i folkeskulen. Det var skrive slik at kjenslene mine vart rivne heilt med, og ungguten knytta nevene under pulten i rein harme over urettferda som råka Fante-Nils.

Det er lite å finna og høyra om taterar som emne til grunnfag historie ved universitet og høgskular. Det er etter kvart ein del litteratur om og av taterar. Ein del av denne litteraturen er personleg sterkt farga.

Vi veit at det er lånt inn ord til det norske språket, henta frå mellom anna nederlandsk, tysk, engelsk, fransk og frå svensk, men finst det låneord frå romani eller rodidialektane i norsk?

Det er heller lite å finna om tradisjonar for familie-merkedagar som årsmålsdagar, barnedåp, konfirmasjon, bryllup og gravferdsskikkar. Dette for å nemna eit par sider ved deira kultur.

I 1998 fekk romanifolket status som nasjonal minoritet i Noreg med dei rettar som fylgjer med det. Det er å håpa at dei ulike sidene ved kulturen deira vert tekne betre vare på nå. M.a. vert det etablert eit nasjonalt dokumentasjonsenter for taterkulturen på Glomdalsmuseet i Elverum.

Kjært barn har mange namn

Vi kjenner uttrykket "Kjært barn har mange namn". Dersom taterane skulle vera like kjære og avhaldne som det finst namn på folkegruppa, så må dei ha vore høgt skatta. Det motsette var nok kvardagssituasjonen. Dei fleste namna på dei var skjellsord. Det opplevest som taterane var lite kjære og velkomne av nordmenn flest, og mange stader vart dei kjeppjaga av lensmannen med eller utan grunn. Fleire herad hadde tilsett ein eigen person - ein ståarkonge - til å jaga dei ut or bygda. Namn som vart brukte på dei var m.a. fant, omstreifar, loffar og vandrar. Andre stader vart dei kalla splint, fuss, fark og skøyar. Det skal ha vore registrert nitti ulike namn brukt om folkegruppa. Nå kallar dei seg romani eller tater og vil gjera det til honnørord.

Nordlands-Johanne

Eg skal prøva å skapa eit bilete av eit par episodar som utspann seg oppe i Karmsundet. Eg trur at slike enkelt-episodar var med å danna mytane omkring taterane. Historia er samansett av opplysningar etter Eilert Sundt og nedskrivne av augevitnet, Martin Johan Mathiassen Skou, og ho er utgjeven i bokform omlag førti år etter hendinga, og med dei fargane åra måtte ha tilført hendinga.

- Det var seint på våren eller tidleg om sommaren i Haugesund, og året var 1855. Eit fylgje ventar uro-

leg på at ei av kvinnene, Johanne Cecilie Knudsdotter, skulle sleppa fri frå arresten før dei vil dra vidare. Ho var arrestert kvelden før for kvakksalveri og fyll. I fylgjet var Martin Johan Mathiassen Skou - seks år gammal - saman med faren, Mathias Halvardson Skou, og mora, Johanne Marie Andersdotter. Oldemor til Martin Johan var garddotter frå Bamle medan slektsgreinene elles var av Holm- og Skou-familiane.

Saman med dei var altså Johanne Cecilie Knudsdotter - ofte kalla Nordlands-Johanne eller Gustav-Johanne - og mannen ho levde saman med på den tida, Gustav Anton Andreassen. Ho var dotter til ein losoldermann frå Bergen og han sjømann frå Tønsberg. Både han og ho var nordmenn som hadde brote opp frå eit fastbuande tilvære.

Nordlands-Johanne vart ho truleg kalla fordi ho heilt ung rømde til Nordland. Like ofte vart ho kalla for Gustav-Johanne både fordi ho var saman med Gustav Anton, men like mykje for ein annan mann, Carl Gustav Fredrik Frimann, som han skreiv seg då han og ho kom til Klepp. Han var far til dei to første barna hennar, som vart bortsette her på Jæren.

Johanne Cecilie må ha vore eit særmerkt og uvanleg kvinnemenneske på meir enn ein måte. Ho var muskelsterk og gjekk ikkje av vegen for ein slåsskamp - jamvel med menn. Ho var godt utrusta, viljesterk på den eine sida og viljeveik på den andre. Det er fortald at ho kunne skriva ut medisinar på latin. Ho var ei flink spåkvinne og dreiv det godt som kvakksalvar. Det var på grunn av den praksisen ho var i arresten i Haugesund. Det var ikkje hennar like til å få inn pengar, og ho var derfor ei populær "ledsagerske".

Ho var nok eit ynkeleg syn då ho vart sett fri. Ho kom ut fyllesjuk, og kjolen var halvvegs oppbrend.

Gustav Anton vart rasande då han fekk sjå henne. Han prylte henne "reint dyrisk". Ho fekk fleire sår, og blodet rann. Gustav Anton svor og sa at han skulle reisa frå henne, sjølv om han visste vel at han var far til barnet ho bar. Det vart så gale at Mathias og kona gjekk imellom dei to, elles hadde truleg Johanne Cecilie enda sine dagar der.

Gustav Anton drog den natta til Stavanger for å finna jenta han var trulova med, Berte Oline Kolbeinsdotter. Utpå sommaren kom familien Skou med Johanne Cecilie til Sandnes, som var ei lita husklynge utan bystatus den gongen. Her møtte dei fleire andre fylgje, mellom dei var Gustav Anton og Berte Oline. Det vart drukke. Johanne Cecilie fatta mot og gjekk på Berte Oline. Det vart ein drabeleg kamp som enda med at gravide Johanne Cecilie vart sitjande skrevs over Berte Oline, som låg på ryggen. Johanne Cecilie var i ferd med å setja fingrane sine i augeholene på Berte Oline for å blinda henne. Då greip Gustav Anton inn og skilde dei to kamphønene. Johanne Cecilie såg seg om i rein villskap og fann ein skarp stein som ho sende i hovudet til Gustav Anton. Blodet silrann frå hovudet hans. Då sette Johanne Cecilie i å syngja sine "vilde Fantesange, medens hendes Utseende var vildt, skrækindjagende, næsten Demonisk," skreiv Martin Johan.

Johanne Cecilie var fødd i 1826. Ho reiste ung til Nordland der ho møtte svensken Carl Gustav Fredrik Frimann eller Carl Gustav som vi allereie har lært namnet på.

Seint på vinteren 1850 var Johanne Cecilie og Carl Gustav på veg sørover i landet. Den 15. mars 1850 føder ho ei jente. Ganske snart vart Johanne Cecilie med barn att. Det passa Carl Gustav lite. Han drog frå henne. Det var nå ho kom saman med Gustav Anton,

som stakk av frå henne oppe i Karmsundet.

Johanne Cecilie fødte det tredje barnet. Nå var ho fri og frank. Ein skulle tru at livet hadde lært henne ei lekse. Men snart etter var ho i lag med ein ny mann, Edvard Gudbrandson Ros. Og så går det som det måtte, ho vart med barn att. Edvard tykte ikkje om det, så strauk han og frå henne hausten 1857.

Det leid ut på vinteren - februar 1858 - vêret var ufyseleg. Det var kaldt med sterk vind, sludd- og snøbyger. Johanne Cecilie kavde aleine på vegen innover i Gjesdal. Barnet som ho bar på, var ventande kvar stunda. Det vart mørke kvelden før ho kom inn til Brekko der dei fekk henne i hus, ga henne varme klede, god mat og reidde opp ei halmseng til henne inne i stova. Den natta, 25. februar 1858, fekk ho ein son.

Det var fjerde barnet hennar utanfor ekteskap, og det med tre forskjellige menn. Barnet vart teke frå henne. Det var straffbart i dei tider å leva slik ho gjorde, og på tukthus måtte ho. Der oppførde ho seg så fint at ho vart sett fri før soningstida var over. Kanskje ho nå ville leva eit rolegare liv og slå seg til ro?

Det heldt ein månad, og nå for ho som "en Furie omkring i Stavanger-Fjordene". Ho kom i lag med siste barnefaren, og ho vart snart på veg med femte barnet. Dei andre barna til Johanne Cecilie var fødte i 1853, 1855 og så den yngste, fødd i 1863.

Alle seks barna vart sette bort. Dei var gløgge og tedde seg fint der dei kom i fosterheimar på Jæren. Johanne Cecilie er gravlagd i Haugesund.

"Halvor" fortel

Ein dag i sommar - år 2000 - nærma eg meg ein kar, "Halvor", på kring 40 år, som var halvt tater, skulle det syna seg. Eg spurde fint om eg kunne få prata litt med

han om familieforhold og korleis han såg på det å vera tater sjølv. Og så lova eg at det som skulle koma på papiret, skulle han få lesa og godkjenna.

Halvor fortalde at då han skulle byrja i skulen, sa faren at han ikkje skulle nemna for dei andre elevane kva folk han var av. Han har seinare valt å fortelja om bakgrunnen sin til arbeidskameratane og fortalde meg om reaksjonane:

- Nå er situasjonen heilt annleis mellom nordmenn flest enn då eg skulle byrja i skulen. På arbeidsplassen min la eg ikkje skjul på at eg var tater, som Halvor uttrykkjer seg. - Det vart ikkje den store oppstandelsen. Arbeidskameratane bles i nasen og løfta litt på akslene og sa: Ja, kva så? Gjer du arbeidet ditt, så bryr ikkje me oss om kven foreldra dine er.

Halvor vart stillare, det var tydeleg at kjenslene hadde teke tak i han. Halvor ser ut kjøkenglasert og trommar med fingrane på bordplata:

- Det var ein annan situasjon for far. Dei var mange søsken. Mindre enn halvparten - i alt fire - av ungdommen fekk bu saman med bestefar og bestemor, dei andre tok barnevernet og plasserte i ein barneheim for romanibarn som "Misjonen" dreiv og i fosterheimar elles kring i landet. Bestefar og bestemor fekk lov til å sjå om barna sine ein gong i året.

Tankane bak plasseringa i barneheimar var nok fleire, mellom anna skulle barna læra seg til å verta fastbuande og samstundes haldast borte frå livet på landevegen, borte frå eigen kultur og å læra språketromani.

- Den eine søstera si såg ikkje far før etter godt 50 år. Ho hadde vore plassert i fosterheim ein stad på Austlandet. Nå var ho gift og hadde fleire barn. Eg hadde altså syskenbarn som eg ikkje visste om og aldri hadde sett.

- Ei anna av systrene til far - mi faster - spora vi opp, men ho vil ikkje ha noko med familien å gjera. Det vil gjerne barna hennar, men det har vore lite kontakt så langt. Ei anna faster ynskjer oss velkomne med opne dører. Eg og kona - med barna - besøkte henne i sommar.

- Eg har vore veldig heldig som har fått så god greie på slekta mi. Det kom seg av at det var ei religiøs vekking blant taterane - særleg på Austlandet - i 1982. I den samanheng kom eg i kontakt med mange av folket mitt som fortalde meg om slekta mi og om kulturen vår. Eg er forresten i slekt med Ludvig Karlsen.

Slekta mi har vore spreidd for alle vindar. Ein dag gjekk eg innom eit møtelokale til pinsemenigheita på staden eg budde ei kort tid. Der kom eg i prat med ein eldre kar. Då vi hadde snakka saman ei stund, syntet det seg at han var bror til mi farmor, og då ho døydde og skulle gravleggjast, møtte eg ein annan bror til farmor. Det er litt rart å verta kjend med ein og ein av familien sin ved reine slumpetreff nærmast.

- Einaste fordelen med å hamna i barneheim, slik som far gjorde, var at han fekk vanleg sjuårig skulegang. Han lærde å skriva, lesa og fekk alle dei andre faga som det vart undervist i i folkeskulen. Dei av syskena til far som budde heime hos bestefar og bestemor, kan ikkje skriva og kan lite lesa. Men dei lærde å snakka romani, det lærde aldri far, og eg kan det heller ikkje.

- Men du veit, når eg tek meg ein tur i byen, så kan eg lett peika ut kven som er tater, men eg tek aldri kontakt, for eg veit ikkje korleis dei vil reagere på det. Dette så langt Halvor, som eg har valt å kalla han her. I den innleiande samtalen med Halvor fekk eg namn på faren og telefonnummeret hans. Eg hadde tenkt å



Det har blitt hevda at dei tiltak og lovar som vart sette i verk for å få bukt med romanifolket, må forståast ut frå den tids tankegang. Tilvising til "tidsånden" kan likevel ikkje på nokon måte legitimera handlingane mot denne folkegruppa. "Tresko-Tine" vandra omkring på bygdene i Jæren og Dalane i mellomkrigstida. Foto: Ukjend. *Fotoarkivet i Hå Folkebibliotek.

få ein samtale med han og, men ba Halvor om å spørja for meg om det var greitt. Halvor ringde faren og fortalde han kva opplysningar eg hadde fått. Faren spurde om Halvor hadde fortalt meir detaljert om familien, opplevingar og historier, men det hadde han ikkje.

Eg sette i gang med å lesa opp det eg hadde skrive ned frå samtalen ved kjøkkenbordet mellom Halvor og meg. Eg hadde skrive kor faren budde nå, kor han hadde vore i barneheim og kor eine fastera var i fosterheim og kor to av dei andre budde. Og då eg var ferdig, var det stille ei stund før det kom:

- Kan du vera så snill å stryka alle namn på folk, talet på familiemedlemmar og stadnamn. Faren til Halvor hadde bede om det, fordi det kunne slumpa til at ein eller annan kunne finna ut kven dei var, og det får eg respektera. Det er eit spørsmål om tillit. Men det fortel at det ikkje har vore lett og kanskje ikkje er så lett å vera tater mellom nordmenn sjølv i dag.

Ein annan tater, "Nils", som eg snakka med, var mismodig. Nils hadde prøvd å finna ut om slekta si og folket sitt. Tantene og onklane ville ikkje snakka - og nå, sa han, er dei alle døde. Når Nils hadde slått fram på med andre, eldre slektningar, for å få større kunnskap om eigen kultur, fnyste dei og sa: Skal vi ta opp dette emnet nå att? Kva skal det vera godt for? Kvifor taterane har valt å teia, har vi fått litt innsikt i, og det skal vi sjå nærmare på. Men først nokre ord om tre sentrale personar i arbeidet for taterane.

Eilert Sundt


Vi kan ikkje omtala tatarar og ta opp tatersaka utan å nemna Eilert Sundt, mannen som verkeleg kom til å finna ut om taterane, språket og kulturen deira. Eilert Sundt var utdanna teolog. I studietida vart han enga-

sjert til å driva konfirmantundervisning for dei innsette i tukthuset i Kistiania.


Eilert Sundt vert kalla den første norske sosiolog sjølv om det skulle gå lang tid før sosiologi vart rekna som eige fagområde. Han dreiv pionerarbeid når det galdt demografi. Arbeidet hans sette eit tidsskilje for historia til romanifolket. Arbeidet hans ga styresmakterne innsyn i livet og kulturen til folkegruppa, ein kunnskap som var heilt ny. Han ville sjølv skjønna og vita og reiste land og strand. Han var på Audemotland i Nærbø og prata med Martin Johan Mathiassen i 1859-1860, var innom hos soknepresten i Klepp, Hans Julius Knudsen, og for gjennom Gjesdal, ja, gjennom mange rogalandsbygder for å oppsøkje taterane og hjelpe dei. Det vart skrive at han sette store krav til seg sjølv, og han gjorde eit grundig arbeid.

Gjennom undervisninga ved tukthuset i Kristiania fekk han førsteinnsikt i taterane si livsstilling, kulturen og språket. Det kom til å prega teologen Eilert Sundt sitt interessefelt og arbeidsområde i lange tider.

Styresmakterne kjende lite til taterane i landet. Då boka til Eilert Sundt kom, fekk han statsstipend til arbeidet sitt. Det vart sagt at Eilert Sundt skreiv om folket for folket. Dokumentasjonen han kunne gje, ga støyten til at Stortinget løyvde 6000 riksdalar for åra 1855 - 1857 til eit fond - *fantefondet* - som det vart kalla. Pengane skulle brukast til å integrere romanifolket i det norske samfunnet, få dei til å tenkja og tala norsk og å få dei fast busette. Det siste arbeidet skulle koma til å gå tregare enn både Eilert Sundt og politikarane hadde tenkt seg. Løyvingane til fantefondet stoppa dessutan opp. Då Eilert Sundt frå tilhøyrarbenken i Stortinget fekk høyra at det ikkje vart meir pengar til arbeidet, vart det dødsstøyten til å fortsetja



Sander Aleksander Jørgensen Lidbom var fødd i Lyngdal i 1853 og kom som liten gut til oppfostring hjå Ingeborg og Omund Tu. Sander var ein oppvakt gut og var mellom dei som fekk stå lengst framme på kyrkjegolvet under konfirmasjonen. Han var og kjend som ein god forteljar. I bygdebok for Klepp er det opplyst at Sander og kona Serina var av dei fantane som vart fanga opp av hjelpeprogrammet til Knudsen. På sine eldre dagar budde dei saman med Karl August Johannesson



Frimann og kona hans, Jorine, i det såkalla "Taletta Riskjell-huset" som var ei gammal husmannsstove. På bildet t.h. er Frimann og Jorine fotografert utanfor huset. Det er sagt at ingen visste kor Frimann kom frå. Han skal ha vore 28 år den gongen han vart konfirmert i Trondhjems Tugthus kirke. Han hadde reist vidt ikring, og var god til å fortelja.

**Klepp kommune si fotosamling.*

denne verksemda for hans del. Han ga opp heile tateroppgåva og søkte i 1869 prestekall og vart sokneprest i Eidsvoll. Det skulle verta ei kort teneste. Han døydd i 1875, berre 58 år gammal.

Hans Julius Knudsen

Hans Julius Knudsen var sokneprest i Klepp frå 1849 til 1858. Hans Julius Knudsen og Eilert Sundt arbeidde saman for same sak. Knudsen såg det som si oppgåve å få taterane busette, døypte, konfirmerte og ektevigde.

Knudsen var formann i fattigkommisjonen, og såleis vart han kjend med fantefondet, og han sette i gang arbeidet sitt for taterane. Han oppsøkte taterane der dei var, prata med dei, og han inviterte dei gjerne til "oppbyggelse." Og han gjorde ikkje skilnad på folk. Ein av dei aller første familiane han fekk vera til hjelp for, var Mathias Halvardson Skou. Og den familien skulle ikkje verta den einaste.

Hans Julius Knudsen fekk ord på seg for å hjelpa taterane og forstå dei. Det førde med seg at det kom flokkar av tatarar frå heile landsdelen - og langt utover - reisande til Klepp. I 1859 vart 15 unge tatarar konfirmerte i Klepp og fem taterpar vart vigde.

Det var ikkje utan problem at så mange menneske, som knapt åtte flisa i veggen, kom setjande til Klepp. Det skulle skaffast mat og huslyd.

Presten sin medhjelpar, Sivert Ellefson Bore, ga opplæring i gardsarbeid og inne ga døtrene hans leseundervisning. Men mengda av tilstrøymande folk vart så stor at bøndene murra, kanskje mest over måten taterane levde på. Utteljingane til mat og klede dekte fantefondet. Det vart likevel så vanskeleg at H.J. Knudsen måtte finna seg eit anna kall. Martin Johan skreiv seinare om soknepresten:

"- at ingen før eller siden i den Grad har eiet Fantefolkets udelte Kjærlighed som Sogneprest Knudsen."

Det var nok ikkje for ingenting at Hans Julius Knudsen fekk tilnamnet "Fante-Knudsen."

Motiva som den einskilde tater hadde for å koma til Klepp var nok ulike. Mange leid fysisk på landevegen med svolt og kulde og alltid på farten med alt frå nyfødde barn til dei eldste gamle. Her var det sjanse for å få hjelp til å verta fastbuande. Nå fekk dei gå i ein slags skule, lærde å lesa, vart konfirmerte og vigde i same renslet. Dei kunne trygt leggja ut på landevegen og ikkje vera redde for å verta sette i tukthus for manglande dåp, konfirmasjon, lovleg gifte eller konkubinatt.

Martin Johan Mathiassen Skou

Kven var denne mannen som vert nemnd så mange gonger? Han vart fødd på Tjora i Sola 26. august i 1849 og vart døypt 2. september same hausten. Han var med faren og mora og seinare tre sysken på landevegen. Det var den gongen å reisa og segla med båt i Ryfylke og Nord-Rogaland og traska og gå over Jæren. Vegane var ikkje så mange og hadde ikkje slik standard som dei har i dag.

Det var på ein slik tur over Jæren at Skou-fylgjet var kome til Klepp. Dei møtte soknepresten, Hans Julius Knudsen, som var på veg til gudsteneste i Orre-soknet. Knudsen stansar hest og vogn, stig av og pratar med dei, truleg foreldra, tre barn og farmora. Presten inviterte dei til møte. Mathias var interessert, men kona, Johanne Margrethe, drog nå på det, men det vart til at dei møtte til samling både ein og fleire gonger.

Det vart fleire samtalar mellom prestens og familien Skou. Foreldra visste vel kva det var å freista lande-



Martin Johan Mathiassen Skou. Arne Garborg nytta han som modell i bøkene sine. Dei to budde saman medan dei gjekk i lærarskulen hos klokkar Velle Vellesen.
*Jærmuseet. Fotograf ukjend.

vegen, aldri å vita kor dei skulle sova neste natt, om det vart under open himmel eller under tak, og like usikkert var det kor dei skulle finna mat. Det var heller ikkje sikkert at det var nokon som hadde bruk for

å kjøpa vevskeier heller på ei stund, så innkomene kunne saktens skranta frå tid til anna. Så forslaget om å verta fastbuande var ikkje nokon framand tanke for dei.

Det kom fram i samtalan at Johanne Margrethe ikkje var konfirmert, og paret var difor heller ikkje gifte. Både to hadde ynskje om å verta gifte. Johanne Margrethe starta leseopplæring og gjekk til konfirmantundervisning. 4. oktober 1857 vart ho konfirmert i Klepp og 11. desember same året vart dei vigde. Johanne Margrethe fekk pengar til brudestasen av departementet. Mannen vart konfirmert som 16-åring i Christianssands Tugthus.


Dei skulle gå nokre kilometer og segla nokre sjømil til før dei endeleg fekk lov til å setja seg opp eit bu på Gudmestad med hjelp frå fantefondet, men dei to eldste vart utsette.

Martin Johan hadde det fint på Audamotland i Nærbø. Det var eitt han ikkje likte der. Kvar gong han ikkje hadde gjort sitt beste eller funne på ein "fante-strek", så fekk han slengt etter seg:

"Me kan inkje be're venta oss av fantongjen; Fant er fant, om du så la han på eit sylvfat." Gutungen hadde nok høyrte det mange gonger før og visste nok alt for vel kva status han og folket hans hadde.

Ei yngre syster, døypt i Høyland i 1860, og ein yngre bror vart buande hos foreldra.

Mathias hadde lært eldste sonen å lesa då han var seks år, og Martin Johan var ikkje noka sinke. Han gjekk til konfirmasjonsførebuing hos prestens i Nærbø kyrkje. Konfirmasjonsdagen, 4. oktober 1864, var det Martin Johan som sto fremst på kyrkjegolv. I dei tider då det var større skilnad på rik og fattig, bønder og eigedomslose, enn det er nå til dags, var nok dette



Heimahuset på Audamotland. Søren Olsen Ødemotland busette seg her i 1857, og hit kom Martin Johan Mathiasson Skou i 1861- 1862 til han reiste i lærarskulen 9. januar 1865. Foto: Hans Torgny Indrebø, 2000.

vanskeleg å svelgja for dei som galdt for å vera noko.

Det står i kyrkjeboka for Nærbø at han hadde framifrå god kristendomskunnskap, synte "Flid og rosværdigt Forhold". Martin Johan var så flink at presten med fleire hjelpte han til lærarskulen, og slik vart det til at han kom til å gå på lærarskule - frå 9. januar 1865 til 3. mars 1866 - og bu saman med Arne Garborg og gå i same klassen som han hos klokkar Velle Vellesen i Time.

Martin Johan vart modell for m.a. Carolus Magnus, gutungen som vi mellom anna møter i "Fred" av Arne Garborg. Arne Garborg fekk i lærarskuletida førstehands kunnskap om tatarar og taterliv av Martin Johan, må vi ha lov til å tru.

Det kjem og fram at dei to har møtst i Kristiania ein gong, og i ei av dagbøkene sine fortel Garborg om eit møte mellom dei to i Knudaheio. Garborg sat oppi

hytta si 25. august 1909 då han såg eit menneske koma tuslande og krekande oppetter lia mot Knudaheio. Det var tydeleg at han drog kjensel på den uventa gjesten:

"Eg stirde eit Grand; det var Martin Johan Mathiasen." Då dei to barndoms- og ungdomsvenene hadde prata ei stund og Martin Johan hadde bore fram ærendet sitt, ba dei farvel, og Garborg fortsette å skriva:

"Det var som mi fortid hadde spøkt for meg," og så la han til: " Og i grunnen var Carolus Magnus sin same um han no var ein Mann paa sine gode 60 aar."

Martin Johan fekk seg lærarpostar i Gjesdal og Herefoss før han hamna på Sjernarøy. Det skulle verta siste lærarposten hans. Folket i bygda ville ikkje ha ein tater til lærar for borna sine. Det kom til uttrykk for Martin Johan som visste kva folk han var av. Han greidde ikkje å leva med det, og braut tvert av lærargjerninga etter bare sju år. Martin Johan fekk skussmål for å vera ein framifrå lærar og ualminneleg flink forteljar.

Han gjorde seinare ein del dumme handlingar, mellom anna fekk han eit opphald i fengsel før han gav seg ut på landevegen med ei jente og får eit barn med henne. Han gifter seg seinare med ei anna jente. Først etter mange vonde år gjer han opp status. Han vil ikkje fortsetja å ha det slik og heller ikkje skal borna hans leva opp i elendet som det var å reisa slik på uvissa. Då eit av borna hans døyr som spedbarn, var han helst glad for det fordi han og kona slapp å ha ansvaret for å oppdra barnet i "dette Hedningeliv".

Kanskje Åge Aleksandersen har fått tak i noko av nerven av det å verta far og vera tater i sangen "Lys og Varme":

Åge Aleksandersen fortel i boka si "Fremmed fugl" at han bare var ein liten gutunge då han første

*Når mørket no har sænka sæ
går æ stilt igjennom rommet
og følesan dæm slit i mæ
ka vill framtida gi
og dein arven vi har gitt dæ
kain vær tung å ta med sæ
vill du spør oss
vill du last oss
vill du kaill det før
et svik*

*Men sola som gikk ned i kveld
ho ska skin før dæ min kjære
og føglan som e fri
dæm ska vis vei
og ailt ska bli
mykji lys og mykji varme
tru og håp
det kain du få med
mange tåra
tunge stunde
e æ redd før at det bli.*

gongen høyrer at han var av romanislekt. Han møtte to kjerringar på vegen då den eine peika på han idet ho sa:

- Der går den taterungen æ snakka om ...


Det var på dette viset at han skulle få første smaken av at han sto utanfor, ikkje var noko, var annleis i deira augo.

Ein prest på Sandnes, kandidat Brun, råder Martin Johan til å skriva ned livshistoria si, og det resulterte i "Paa Fantestien" som kom ut i 1893. J.Knudsen skreiv

i føreordet at boka er "et indtrengjende Nødraab om at komme dem til Hjælp ved af Medfølelse gennem hensigtsmæssige Forføjninger." Arne Garborg undrar seg på om det finst noko liknande verk i andre land sin bokheim. I åra som fylgde reiste Martin Johan omkring i landet med foredrag. Martin Johan la med boka og foredraga sine ned eit eineståande arbeid til forståing av taterane og kulturen deira. Det vart sagt at hans og Eilert Sundt sitt namn burde nemnast i same andedrag.

Martin Johan vart far til seks barn, fleire etterkommarar lever etter han på Jæren og andre stader i landet.

Martin Johan kom til å verta ståande midt mellom det som hadde vore nedervde tradisjonar og ei ny tid som han bare snautt hadde sett konturane av. Og det skulle verta mange og vanskelege år og tronge kår for taterane før dei kom så langt at dei fekk status som etnisk minoritet i kongeriket.



Husmannsplassen på Gudmestad. Det var her Mathias Halvardson Skou sette seg opp ein heim i byrjinga på 1860-talet. Foto: Hans Torgny Indrebø, 2000.

Misjonen

Det hadde ikkje vore noko organisert arbeid for å hjelpe taterane etter at Eilert Sundt la ned arbeidet sitt. I 1897 vart det starta ein organisasjon som kalla seg "Foreningen til motarbeidelse af Omstreifervæsenet". I 1922 vart det namneskifte til "Den norske omstreifermission", og allereie i 1935 vart det nytt namneskifte til "Norsk misjon blant hjemløse", som organisasjonen heitte til i 1987 då han vart omgjort til ei stifting: "Kirkens sosilatjeneste". Det var denne organisasjonen med dei skiftande namna som mellom romanifolk kort vart kalla MISJONEN.

Misjonen vart og er mislikt og nærmast hata av mange taterar. Det er eit temmeleg eintydig inntrykk eg får av å lesa litteraturen om folket og er ei gjennomgåande haldning i dei samtalane eg har hatt med taterar. Ved å lesa om barn som vart tekne frå foreldra med og utan loven i hand og med støtte frå vergeråd - barnevern - og plasserte i barneheimar, er det ikkje vanskeleg å skjønna reaksjonane og haldningane som kom og kjem til uttrykk. Sjølv vart mange ektefolk meir eller mindre internerte i arbeidskolonien "Svanviken" i Eide kommune på Nordmøre der det skulle gjerast "folk" av dei.

Ein tater uttalte at alkoholen hadde øydelagt mykje for dei. Alkoholen og Misjonen voldtok ein heil kultur, meinte han. Det er uhyggeleg å tenkja på at det finst foreldre som ikkje vågar å fortelja barna sine at dei er tater - horta romani.

Misjonen var på eit vis styresmaktene sin lange arm ut mellom taterfolket. Generalsekretærene i Misjonen var prestar. Vi har sett at det fanst prestar som arbeidde til det beste for taterfolket. Det var og dei som ikkje gjorde det. Prestane var sjølvskrivne formenn i verge-



*Laura Johannesen (Skou) var dotter til Martin Johan. Ho fekk seg sjukepleiarutdanning. Her er ho og mannen, Oliver, fotograferte framfor huset dei budde i på Njærheim. Bilete blei gjeve til ei venninne på Nærbo. *Jærmuseet.*

råda omkring i landet. Det var vergeråda som suverent avgjorde om gutar og jenter skulle takast frå foreldra og plasserast i foster- eller barneheimar. I "Beretning om arbeidet med omstreiferes bosettelse ved staten. III 1912-1914. Avgitt av Generalsekretæren for "Foreningen til motarbeidelse av omstreifervæsenet" står det mellom anna skrivne: "Vi henstilte i forrige beret-

ning til værgeraadene at gripe ind ligeovenfor de streifende. Det glæder os, at denne henstilling ikke har været forgjæves." I neste avsnitt fortset generalsekretæren: "Som bekjendt er der for Stortinget fremsat forslag til revision av løsgjængerloven. Det vil være av allerstørste betydning at faa loven formet slik, at det blir lettere at gjøre den gjældende....Det gjælder jo et samfundsonde,...Vi tillater os derfor indtrengende at anmode politiet om at gripe ind likeoverfor omstreiferne og gjøre loven gjældende ligeoverfor dem. Det er saa vist ingen velgjerning, der vises vore omstreifere, ved at man ser gjennom fingrene med deres omflakken og det elendige liv, de lever."

Det skal ikkje underslåast at det og har vore sagt av eit einaste menneske - så langt eg kjenner til : "Jeg savner misjonen, for den var virkelig til hjelp for oss med taterblod i årene."

Det vil alltid vera folk av ulike oppfatningar. Ein representant for Kirkens sosialteneste ved Svanviken ga i sommar uttrykk for at eg burde koma i hug tida dei ulike tiltaka vart sette i gang. Det ville vore naturleg at han hadde gjort greie for kvifor over 36 prosent av taterkvinnene ved Svanviken vart steriliserte frå kring 1950 til 1970 etter meir eller mindre press frå leiinga ved institusjonen.

Misjonen førde eit omfattande arkiv over einskildpersonar og slekter i åtti-nitti år. Arkivet frå Svanviken er borte saman med arkiva frå hovudkontoret til Misjonen, fortel formannen i Romanifolkets landsforening, Leif Bodin Larsen. Med god grunn kan ein spørja kor dei har teke vegen. Dersom dei gjekk opp i røyk eller på annan måte vart øydelagde, kan vi spørja om grunnen til det. Arkiv frå psykiatriske sjukehus er nå plasserte og klausulerte i Riksarkivet og er mellom dei

mest strengt vakta. Kvifor er det så om å gjera for styresmaktene å halda desse arkiva så langt unna innsyn, er her noko som ikkje toler dagens lys?


Leif Bodin Larsen fortalde at mange av dei som vart steriliserte og kastrerte har fått hjelp av sitt eige folk til å leva vidare etter overgrepa som vart gjorde mot dei.

Opphavet til taterane

Taterane er ikkje noka einsarta folkegruppe. Men vi veit at det kom vandrande familiar frå framande himmelstrok til Noreg kring år 1500. Dei kunne fortelja at dei hadde kome reisande frå område i India. Språket deira har ord som liknar språk i Pakistan og nord i India. Mange gonger er det heller ikkje vanskeleg å ta ut ein tater på det mørke håret, dei brune augo og den gyldne huden.

Det var og mange nordmenn som ga seg landevegen i vald. Det fanst ikkje noko offentleg trygdesystem før i tida som tok vare på dei som kom i armada. Det var gjerne slik at familiane hjelpte kvarandre med det dei hadde, og når det ikkje var meir å ta av, var det å finna fram tiggargstaven og fylla skreppa med dei få eigenlutene ein rådde over. Det var nok hovudårsaka til at nordmenn kom på landevegen og tiggargstien.

Vi kjenner ikkje til kvifor Johanne Cecilie rømde til Nordland og kom på loffen, men vi veit kvifor setesdølen Håvard Hedde hamna der. Han vart sviken i kjærleik. Det var kanskje dei ungdomane som ikkje fekk han eller ho som dei helst ville; foreldra ville avgjera kven som var god nok til å koma inn i familien og verta ektemake til ungdommen i huset. Ja, det kan også vera at ein eller anna vart glad i ein romani og så slo dei seg i lag. Truleg var det dei som la ut på landevegen fordi



Svanviken, i Eide kommune på Nord-Møre.
Foto: Hans Torgny Indrebø, 2000.

dei tykte det høyrdest spanande ut å reisa frå stad til stad og oppleva noko nytt heile tida.

Vise

*Se min ild i mørket brenner
og i flukten gnistene dør,
men en farlig brann de tenner
der hvor nattens vind dem strør.
Var deg vel for ildens prakt.
Før du vet det, så er du i dens makt.
Hold deg vekk,
kom aldri taterens telt for nær,
stakkars den som en gang
får en taterjente kjær.*

Den glade vandrer

Når vêret var godt og temperaturen tiltalende og det ikkje var for mykje nedbør, kunne nok livet på landevegen ha sin sjarme. Det er vel derfor ikkje utan grunn at vi har fått visa "Den glade vandrer". Det skal ikkje gjerast nokon analyse av innhaldet i visa, men ho gjev eit lite inntrykk av å vera vandrar, å leva eit sorglaust liv:

*Den glade vandrer kalles jeg,
for sorgløs går jeg på
den endeløse landevei,
der liker jeg å gå.*

*Den glade vandrer kalles jeg,
for godt er mitt humør.
Må himlen gi meg lov å gå
på veien til jeg dør.*

Fridr. W. Møller

Det vart par av taterar og nordmenn, og det er ikkje lenger så mange med dei typiske lekamlege ytre kjenneteikna. Somme taterar vil framleis fortelja med kledda kven dei er. Dei har eit fargerikt tørkle i halsen halde saman av ein sylvring. Slirekniven, festa til livreima, fylgjer dei trufast. Ofte vil dei og ha skinnvest med ei sylvlenke tvert over festa til eit lommeur i venstre vestelomma. Kanskje hatten med den vide bremmen var eit av dei sikraste kjenneteikna for menn før i tida. Kvinnene hadde fotside, mørke skjørt og kjolar.

Kor er taterane i dag?

Vi kan gjerne spørja etter kor taterane finst nå, for dei er her. Forfattaren Gunvald Opstad skreiv i boka si Utav reisendes folk: "Fleire hundre års diskriminering har ikke gått upåaktet hen over det reisende folket".

Audmjukinga vart for stor, så stor og omfattande at dei valde å skjula og teia om identiteten sin. Det vart svære sår. Fantane si historie dei siste 150 åra har vore full av liding. Vil det vera slik at folk til ei kvar tid vil ha sine "hakkekjuklingar"? Nokon å trakka på for å koma litt høgare sjølv? For å nemna nokre andre slike grupper var det i si tid lausingungane, jødane og tyskerungane.

Martin Johan Mathiassen Skou funderte litt over korleis styresmaktene i samfunnet reagerte når ein tater gjorde eit lovbrøt, t.d. sloss med og skada ein nordmann og når det same skjedde mellom to taterar. Han skreiv etter å ha ført i pennen historia om slagsmålet mellom Johanne Cecilie og Berte Oline: Uagtet at dette foregik paa høilys Dag midt paa Gaden, saa man intet til Øvrigheden. Jeg har ogsaa flere Gange i mitt Omstreiferliv lagt Merke til dette, at Fantefolk kan straffes af den norske Lovgivning; men nyder ingen Beskyttelse fra Lovgivningens side.

Næringsgrunnlag og yrke

Jau, taterar finst. Mange var og er flinke; det er dyktige folk blant det folket som blant alt anna folk. Du vil finna dei i alle samfunnslag og i alle slags yrke som respektable borgarar.

Dei finst blant toppane i samfunnet, og fleire har valt å teia om bakgrunnen sin. Men i språket vårt vert taterane hengande med negative uttrykk som:

- Der gjorde du meg eit fantestykke.

- Når fanten har fått sitt, så går han.
- Å gjera seg til fant for ein skilling.
- Kven er du for ein farande fant?
- Din tater!
- Fantungje!
- Eg er ikkje verre fanten enn

Meir positive utsegn finst også: Den glade vandrer. Ein fri loffar. Både loffar og vandrar var ulike namn på taterane.


Taterane lærde seg ulike slag yrke, og mange fekk seg spisskompetanse på sitt arbeidsområde.

Bestefar til Halvor var blekkslagar og reiste omkring med hest og kjerre frå bygd til bygd og selde varer og gjorde førefallande leigearbeid.

Mange vil nok minnast fantane som blekk- og koparsmedar. Dei representerte mange slag yrke. Her kan vi ta med nokre mannlege syslar som gjørtlar, hestehandlar, hovslagar og hesteskerar, kammakar, knappstøypar, klokkemakar, sadelmakar, vevskeibindar, possementmakar, feiar, og så dreiv dei handel - gjerne antikvitetshandel - med alt som det kunne vera bruk for i eit hus. Kvinnene gjekk ofte frå hus til hus og selde varene husbonden og dei sjølv produserte. Det var alt saman ærlege og nyttige aktivitetar.

Då industrialiseringa gjorde seg gjeldande frå slutten av 1800-talet, vart mykje av arbeidet taterane dreiv, serieprodusert av maskinar - stansa ut i tusental. Taterane kunne ikkje konkurrere med maskinane i kvalitet og pris. Aluminium var eit nytt metall som kom på marknaden og som det ikkje var så lett å handskast med, og det tok plassen til blekk og kopar. Seinare kom plast til å overta.

Når det elles galdt fleire av yrka, har lovar regulert og gjort det vanskeleg å kombinera fleire av yrka og



Mange kjøpte blekkvarer av taterane, slik som knaggrekker og bordbeskyttar.
Foto: Jærmuseet.

vera ute på landevegen. Fleire taterar ordna seg med registrering som handverkarar og handelsfolk og passa livet sitt til samfunnet sine krav til oss alle. Dei har drive omstrukturering.

Full integrasjon

Kva var det som tilskunda ynsket om å integrera taterane i det norske samfunnet?

Går vi gode hundre og femti år attende i tid, var folk flest fattige. Det var ikkje rart stelt rundt omkring i husa. Var det ikkje armoda, var ho ikkje langt unna.

Ein og annan av dei fastbuande såg at taterane som ikkje hadde nokon fast bustad, men reiste omkring i kjerre, segla med båt eller rusla og gjekk mil etter mil i vêt som uvêt, over hei og gjennom utmark, faktisk var verre stelte enn dei sjølv. Taterane åtte bare det dei hadde på seg og det som var i bylten dei bar på ryggen. Dei måtte be om både hus og mat der dei kom, dersom dei ikkje hadde telt eller ei anna form for skjul for natta..

Så tidleg som i 1844 sende ei gruppe bønder i Klepp brev til styresmaktene og sa ifrå om at noko måtte gjerast for taterane.

Folk var redde taterane

Folkegruppa kom til landet for fleire hundre år sidan. Dei levde sitt eige liv her. Folketeljningane hadde ikkje teke dei med. Det hadde nok vore vanskeleg å telja dei. Folket reiste kring i landet utan å ha noka fast adresse.

Folketeljninga av 1845 slår fast at det var godt ein million nordmenn - 1 378 471, og i tillegg var det funne 1 145 taterar. Dei var ikkje rekna med, men haldne utanfor.

Mathias Halvardson Skou og Johanne Margrete Andersdotter fekk ein husmannsplass på garden Gud-

mestad og hjelp av fantefondet til hus og underhald. Dei er mellom dei aller første av folket som slår seg ned som fastbuande, eller i det minste prøver seg med eit fastbuande tilvære. Men hjelpa var på vilkår. Dei to eldste barna, Martin Johan og søstera, Anne Marie, vart utsette på gardar i Nærbø mot statleg vederlag.

I folketeljninga for 1865 står det under Gudmestad - bruksnummer 2 - at vi har innerst eller husmann - Mathias Halvardson Skou og kona hans. Ingen av borna er nemnde her. Martin Johan er heller ikkje nemnd der han var plassert hos Søren Olsen. Det kan vera at han allereie var flytta ut til Time. Namnet til søstera har eg heller ikkje funne i Nærbø. Det var slik at folk skulle reknast med og teljast i huslyden der dei sov.

Mange av taterane var ikkje døypte og heller ikkje konfirmerte. For å kunna gifta seg, måtte alle vera konfirmerte. Mann og kone av taterfolk levde ofte trufast saman i livslange par utan å vera gifte. Til overmål snakka taterar eit tungemål som nordmenn ikkje skjønna.

Når lensmann eller annan representant for styresmaktene hanka inn taterar, kunne dei diskutere seg imellom på romani eller ein av rodi-dialektane. Det er lett å skjønna at lensmann og prest kjende seg makteslause i slike samanhengar.

Folk opplevde taterane som bedragarar, slåsskjemper, tjuvar, tiggjarar og ikkje minst heidningar. Av den grunn trudde fleire at fantane kunne setja trollskap på folk og kanskje helst på fé ved t.d. at ei ku skulle missa morgonmjølka. Det hadde sjølv sagt si naturlege forklaring: Taterane hadde stripla kua tom om natta.

Det såg ut til at det skulle verta vanskeleg å læra taterane vanleg kvardags gardsarbeid på 1800-talet. Sant nok, dei var ikkje vane med tungt muskelarbeid og heller ikkje faste plikter kvar dag slik vi kjenner det.

Det var truleg bønder som mislikte og misunte taterane levesettet deira. Det fanst og gardbrukarar som tykte det var irriterande med folk på døra med bøn om huslyd og mat. Mange hadde ikkje meir enn dei hadde bruk for sjølv. Det skal likevel ikkje skjulast at mange gjorde seg hjelp av tenestene taterane hadde å by på. Ja, ofte var dei venta til gards.

Taterane drog vide og kunne i somme høve og vera berarar av nytt frå bygd til bygd. Dei plukka opp og tok med seg tankar om tekniske nyvinningar og ga dei vidare der dei drog langs vegane.

Ein av grunnane, vart det hevda, for å få romani-folket fast busette, var tigginga deira om mat og huslyd. Det var også eit spørsmål om hygiene, mange bar med seg lus. Det var ikkje noko ukjent fenomen mellom folk elles i landet på den tida. Halmadrassen var ein fin tilhaldsstad for dei husdyra.

Viktigaste argumentet var kanskje ynskjet om å gje dei kristenkunnskap, få dei døypte, konfirmerte og ektevigde. Og då måtte dei læra å lesa norsk først og fremst. Det var ikkje ynskjeleg å ha ei gruppe menneske i landet som hadde sitt eige språk. Så kan vi i ettertid vurdera lovane og tiltaka som vart sette i verk for å naturalisera folkegruppa.

Taterane vart møtte med mistru og mistillit, frykt og uvilje, og det var nok gjensidig. Det var nok ikkje rett få som såg på folkeferdet som moralsk forderva menneske. Som gruppe var dei stort sett fattige. Dei hadde lite og måtte spørja - tigga - etter mat. Verst var det kanskje at dei ikkje hadde fast husvære, men spurde om lov til å liggja i løa eller få ei krå på halmadrass i stova på gardane dei kom til.

Martin Johan Mathiassen Skou meinte at han ikkje hadde budd samanhengande under same tak åtte dagar

i strekk før han var tolv år.

Det var og er fort gjort å generalisera. Det var fattige taterar like såvel som nordmenn, og det fanst mellom taterar personar med god råd og mykje pengar. Problemet for ein tater var at nordmenn ofte ikkje ville ha han til nabo nettopp på grunn av mytane som vart spunne omkring folket. Grunnen til mytedanninga skuldast ikkje sjeldan manglande kunnskap og generalisering.

Det var såleis ikkje urimeleg at mange av dei fastbuande bøndene - buroen - sette lite pris på besøka, men det var nok meir styresmaktene med politikarane som ga uttrykk for denne skepsisen enn bøndene.

Betleri - tigging

Det var tankar i tida til å vilja hjelpa medmenneske som lei og hadde det vondt. Folk utover i bygdenoreg såg at taterane hadde det vanskeleg og ynskje å gjera noko med det. Hans Nielsen Hauge og haugianarane hadde sett sitt preg på folk. Det var tankestrøymingar i tida som gjorde mange merksame på ansvaret einskildpersonen hadde for sine medmenneske. Ein konsekvens av desse tankestrøymingane var skipinga av Det Norske Misjonsselskap.

Ei gardkone, Johanne, fødd kring 1910, fortalde at der i garden fekk dei ofte vitjing av taterar då ho var jentunge. Dei fekk både ein og to fleskebitar med seg på veggen. Mor hennar, Dorthea, reidde ofte opp halm-senga inne i stova, fortalde ho. Då Johanne tok over garden saman med mannen, og ho sjølv skulle ut og mjølka kyrne sommarmorgonane, hende det nok både ein og fleire gonger at det var lite å stripla or kujuret. Men ho ga aldri uttrykk for at ho eller folket på garden var negative og såg skeivt til dei som hadde vore tidle-

gare ute enn henne. Det var ikkje det at Johanne hadde så rikeleg sjølv.

- Dei vart verande med telta sine to tre dagar borte der veggen krossa elva, så drog dei vidare med kjerring, ungar, hest og hund, sa ho.

Taterane fekk loven om betleri mot seg. Ikkje skulle dei ha lov til å be om hjelp, og folk elles skulle ikkje gje dei noka handsrekking; men folk flest i bygdene fortsette å gje hjelp til dei som ba om det. Å hjelpa kvarandre hadde vore ein god kristen tanke gjennom alle tider. Forvaltartanken hadde vore rådande og ikkje eigartanken. Så kan vi kalle hjelpa almisse, avlat eller medkjensle. Det var samhaldet mellom fattige som var det berande prinsippet og ikkje om ein var romani eller nordmann.

Tjuveraddar og fengselsfuglar

I samtalar med folk får ein inntrykk av at taterane var noko pakk. Det er ein myte. Institusjonen Opstad Tvangsarbeidshus var bygd for mellom anna å ta vare på taterar. I litteraturen står det at både kvinner og menn hadde vore i tukthus. Då kan det vera på sin plass å spørja: Kva var det dei var innsette for? Problemet var at i det 19. århundre måtte folk ha heimstadrett, syna til at dei hadde rett til å bu på staden. For å få slik rett måtte ein person kunne syna til at han hadde budd i kommunen i fire år. Fekk lensmann og prest greia på at ein tater ikkje var konfirmert, vart han sett i tukthus. Vi har sett korleis konkubinatarparagrafen råka folkegruppa.

Det skal ikkje stikkast under ein stol at det og mellom taterar fanst kriminelle, som truleg er likeleg fordelt i alle folkegrupper.

Eilert Sundt tykte arbeidet med å få taterane til å

busetja seg fast, gjekk seint. Iveren og støtta frå politikarane hadde slokna og falle bort etter kvart, men i ei oppsummering skreiv han:

"Før gik deres tanke ud paa hvorhen de skulde klare seg for lensmand og sorenskriver, nu - om de skulde, eller ikke, gå hen til nogen av præstene. Thi det maa erkjendes at forbrydelser selv blandt de omstreifende ikke ere saa hyppige som man paa forhaand skulde formode.

De have sine skrøbeligheder, og de falde almuen til byrde ved deres idelige tryglen om mad og husly; men ellers gaa de saa temmelig menløse omkring"

Med den omfattande kjennskap og kunnskap Eilert Sundt hadde om folkeferdet, meinte han at han ikkje hadde teke nokon i direkte å lyga, og når det galdt lov-brot, kunne han bare koma i hug fire personar.


Det vart sett i gang aksjonar for å få taterane til å busetja seg. I det arbeidet kom bønder i Klepp og særleg bonden og prestehjelpar Sivert Ellefson Bore og soknepresten i Klepp, Hans Julius Knudsen, til å stå i fremste rekkje saman med Eilert Sundt.

Overtramp og trakassering

Ved å lesa litteraturen om romanifolket har eg vore møtt av den eine livshistoria etter den andre om menneske som har vorte trampa på og trakasserte.

Einskildpersonar og grupper har vorte

- drivne regelrett jakt på med børser
- skotne - henretta
- plasserte i psykiatriske sjukehus
- tvangsmedisinerte
- lobotomerte
- fengsla og
- sette under tvangstiltak



Vi veit ikkje kven som har laga desse tre "fengselshestane" frå verkstaden på Opstad Tvangsarbeidshus. Blant dei innsette var det også taterar, så desse kan også stå som døme på deira arbeid.
Foto: Jærmuseet, 1991.

- kasterte (fjerning av testiklar eller eggstokkar)
- steriliserte (overskjering av eggleiar eller sædleiar)
- kidnappa og bortførte utan lov og rettargang.

I Oslo er det tre massegraver med taterar. Det er sett opp ein stein ved Ris kirke. Steinen står der til minne om dei namnlause taterane som det gjekk gale med på operasjonsbordet og av andre grunnar ved Gaustad sjukehus. Steinen har sjukehuset sitt emblem.

Lovverket vart brukt mot fantane

I 1711 vart det drive jakt på taterane. Ein stad står det skrive :

"De ble drevet ut av sine Huler som de vare Reve."

Det første tukthuset til å ta seg av taterar vart reist alle-reie i 1741. Taterane vart sette i fengsel for å verta konfirmerte. Av den grunn les vi ofte at både kvinner og menn har vore i tukthus.

Kriminalloven frå 1842 kap 18, § 22 - oftast kalla

konkubinatarparagrafen - fortalde mellom anna:

"Leve ugifte Personer sammen som de være Ægtefolk, straffes de med Bøder eller Fængsel".

Mange taterar levde ugifte, men levde i livslange og trufaste parforhold. Denne paragrafen vart likevel nytta mot dei. Dei som var i ein vanskeleg situasjon frå før, fekk det bare verre. Loven vart modifisert i 1902 og oppheva - sletta - i 1972 etter eit mislukka forsøk på å få han oppheva i 1952.

I 1896 kom loven om vergeråd - barnevern - og vergerådslovane, som kom til å verta eit effektivt verkty for samfunnet og Misjonen. Dei fleste taterane hadde ikkje gjort noko anna gale enn at dei ikkje hadde fast adresse og eige bu. Dei ynskte å leva på landevegen. Og med lausgjengarloven og barnevernloven i hand vart taterane truga til arbeidskoloniar med trugsmål om å missa foreldreretten, hamna i tvangsarbeidshus, fengsel og/eller barna vart sende i barneheim.

Det var fleire skuleheimar kringom i landet som tok imot taterar. Her i distriktet hadde vi Lindøy. Tidlegare kringkastingssjef Yngvar Ustvedt har skrive boka "Djevleøya i Olsofjorden". I den boka har han fortalt om tilhøva ved ein tilsvarende skuleheim, "Bastøy". Ustvedt har m.a. uttrykt at det var ei vond bok å skriva, fordi han identifiserte seg med gutane der. Vi veit at det var tatergutar på Lindøy.

Lausgjengarloven frå 1900 vart nytta mot arbeidsføre personar som "hengav seg til ørkesløshet", tigga eller synte seg rusa på offentleg stad. Opstad tvangsarbeidshus vart bygt med det formålet å ta seg av lausgjengarar, personar utan heimstadrett.

Dersom ein person vart gripen og dømd etter loven fleire gonger, kunne straffa setjast til fire år. Tvangsarbeid vart nytta.

Taterane representerte mange slags yrke på Opstad. Det var ikkje uvanleg at taterane hadde god greie på hest og var flinke hovslagarar, noko dei fekk god bruk for i institusjonen Opstad. Før traktoren si tid var der mange hestar på Opstad. Hestane sine hovar måtte sjekkast kvar morgon før dei vart sette i arbeid. Ei natt på steinut kulturbeite kunne røyndane hardt på hesteskorne.

Ein tidlegare betjent fortalde at betre hovslagar enn ein tater han kjende, fanst ikkje.

- Eit meir trufast og ærleg menneske enn ein tater eg hadde i arbeid på Opstad, har eg ikkje møtt i livet mitt, sa ein annan 80-åring. - Eg kunne setja han til kva eg ville, aldri var det juks eller unnasluntring.

Styresmaktene var overtydde om at hardt fysisk arbeid hadde ein god oppsedande verknad på folk.

Tigging - betleri - var å be om hjelp til vanleg, anten på alminneleg trafikkert veg eller ved å gå frå hus til hus. Loven var frå 1860-talet.

I 1935 kom loven som ga forbod om hestehald for taterane. Men før han kom, fekk vi ein lov som gjorde det mogleg å sterilisere unge taterjenter og -gutar ofte utan at foreldre og offer fekk uttala seg.

Loven om sterilisering og kastrering av menneske var frå så seint som 1934. Misjonen brukte loven aktivt. Romanifolket var uynskt i samfunnet. Olga Stokke skreiv at taterjenter vart sedde på som eldfulle og utan seksuelle hemningar av mennene i Misjonen. Stokke skreiv vidare at norske styresmakter hadde ingen uttalt intensjon om å sterilisere romanifolk, men gjorde heller ikkje noko for å hindra at jenter heilt ned til 14 år vart steriliserte under tvang nettopp for å hindra deira uhemma seksualatferd. Misjonen sin siste generalsekretær skuldar på den tida sin tankegang og rådande

syn på romanifolket. Rapporten til forskaren Per Haave seier at dei fleste steriliseringar vart gjorde under tvang.

Oppsummering

Eit kvart samfunn vil ut frå si tid vurdere og setja i verk dei tiltaka som tykkjest best. Det er ingen tvil om at folket i Klepp og i Nærbø gjorde det dei meinte var best for romanifolket som ferdast her i traktene frå midten av 1800-talet.

Det kan vera lett å kritisera handlingane som samfunnet med styresmaktene sette i gang mot taterane. Det er likevel svært vanskeleg å forstå i dag. Det er så stor avstand i tid og så mykje har endra seg at det kan vera vanskeleg å setja seg inn i takegang og å skjønna alt heilt ut.

Til dei ytre ting som har skifta høyrer mellom anna det store hamskiftet i jordbruket, ein industriell revolusjon, klassekamp, masseutvandring til USA, massekommunikasjon, ei økonomisk utvikling utan sidestykke i norsk søge i tillegg til fleire slike "merkestearnar". Ein av dei kanskje mest markante var verdskrigane, og nå sist har vi vorte styrtrike av oljeinntektene. Alt dette og mykje meir saman med aukande kunnskap på fleire område, har gjort at vi i våre dagar tenkjer annleis om mange saker og ting. Det fritek oss ikkje for dei overgrep som har vore gjennomførte mot taterane.

Kva kunne samfunnet gjort annleis? Det kjem tydeleg fram i historia at romanifolket sjølv ville bort frå landevegen og omstreifartilværet. Dei lei vondt, fraus, ynskte kunnskap og utdanning. Sjukdom og uty var ikkje framandt for dei. Det var kanskje eit spørsmål om æra frå taterane si side om ikkje å finna seg i å verta dikterte og rana eigen kultur. På den andre sida kan det ha vore mistyding og mistru frå samfunnet til å akseptere

taterane sine særsegenskapar. Og samfunnet ville ha kontroll og synte si makt ved å setja i verk dei ulike lovane. Å snu eit heilt folk og ein heil kultur med makt, er ikkje gjort i ei handvending.

Mykje kunne vore vunne om arbeidet for romanifolket hadde fortsett i Hans Julius Knudsen si ånd slik Johan Martin Mathiassen Skou uttrykte det:

"Pastor Knudsen opsøgte dem paa de Steder hvor de var indkvarterede, trøstede dem i deres Bedrøvelse, modarbeidede deres Mistenksomhed og andre af deres mindre gode egenskaber; hans Smil formaaede som ingen andens at bøje deres Stivsind og fremkalde Hygge og Tilfredshed blandt dem."

Nå må samfunnet ta vare på dei ulike folkegruppene som kjem flytande til oss. Mange har ein annan livsstil og ein annan kulturell bakgrunn enn oss. Dei kan lett verta syndebukkar. Det er lett å seia : At det går an å leva slik og tenkja slik som desse?! Men vi skal hugsa på korleis vi tok imot jødane i si tid, dei som vart fødde utanom ekteskap og tyskerungane, for å nemna nokre grupper. Rykte og mytar oppstår så lett.

"Å kjenna til alt, det er å tilgje alt!"

Finsk folkevis

*Rotlös främling vandrar jag min stig,
vart jag kommer väntar ingen mig.
Men all världens lycka syns mig tom
mot min stora frihets rikedom.*

*Aldrig sorg jag känt, ei dysterhet.
Spörj mig ej varför, jag svar ej vet!
Fråga skyn, som över himlen går,
vågen som mot stranden ständigt slår!*

Litteraturliste

- Diverse artiklar i dagspresse og vekeblad
- Romanifolkets Landsforbund: *Oppreisning for et folk og En tatergutt forteller.*
- Karl Johan Wang: *Tatergutt og legdebarn.*
- Gunvald Opstad: *Utav reisendes folk.*
- B.K Larsen: *En gang var vi som vinden.*
- Eilert Sundt: 2., 3. og 4. Årsberetning.
- M.J.M. Skou: *På fantestien.*
- Ragnhild Schlüter: *De reisende. En norsk minoritets historie og kultur.*

- Bodil Stenseth: *Eilert Sundt og det Norge han fant.*
- Alf Ravndal og Jonny Mydland: notat
- O.R.E. Basstrup og Aa.G. Sivertsen: *En landeveg mot undergangen. Utryddelsen av eit folk i Norge.*
- Birger Lindanger og Halvard Nordås: *Klepp Bygdesoge 1837 - 1987.*
- Johan O. Jensen: *Historien om Åge Aleksandersen: Fremmed fugl.*